

SØKNAD OM MIDLAR I SAMBAND MED KULTURMINNEPLANAR I HORDALAND

Viser til epost med utlysing av tilskot til kulturminneplanar i Hordaland. Ynskjer med dette å søkja om midlar – kr 50 000, til innlegging av prioriterte kulturminner i Askeladden for Bømlo.

1. Status på kulturminnearbeidet

Registreringsarbeidet av faste kulturminne (SEFRAK) er i sluttfasen, og me skal igong med verdivurdering. Til dette arbeidet ynskjer me å knyte til oss fagpersonar frå Hordaland fylkeskommune og Sunnhordland museum. Skrivearbeidet vil gå parallelt.

2. Kort skildring av prosjektet

Målet med kulturminneplanen er å auka kunnskapen om lokale kulturminne i Bømlo, og få eit godt grunnlag for ein heilskapleg kulturminneforvaltning.

Kulturminneplanen skal ha status som kommunedelplan, og omfatte kulturminne i heile kommunen. For å sikre kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, må desse følgjast opp i reguleringsplanar.

Planen skal ta føre seg kulturminne og kulturmiljø frå eldre til nyare tid. Planen skal omfatta faste, materielle kulturminne. Immaterielle og lause kulturminne vil i mindre grad bli nemnd i planen.

3. Framdriftsplan

Arbeidet med registrering av kulturminner har teke lengre tid enn kva me først hadde sett for oss, men etter at me valde å knyta til oss ein person, som også kunne gå på dagtid, har arbeidet gått framover. Me er no i sluttfasen med gjennomgang av SEFRAK registreringane, og kan starta arbeidet med mål, strategiar og tiltak. Målet er at planen skal bli ferdig innan utgongen av 2017.

4. Finansieringsplan

Arbeidet med planen blir finansiert med støtte frå fylkeskommunen

(kr 200 000), personalressursar i kommunen og elles gjennom årleg driftsbudsjett på kultur.